



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
19.10.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/4358 331.3  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### Skatt på formue og inntekt per 30.september 2015

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland per 30.september d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 3,7 prosent dei første ni månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane samla i fylket utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 4,9 prosent.

Innbetalt skatt per 30.september d.å. i prosent av budsjett 2015 var 80,6 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 81,0 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på 5,1 prosent for kommunane samla i landet. Det er lagt til grunn ein pårekna skatteauke for heile året for kommunane samla i landet på 4,6 prosent.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Anne Kjersti Sande  
seksjonsleiar

Håvard Rød  
seniorrådgivar

Vedlegg

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

